

Telemark fylkeskommune  
Postboks 2844  
3702 Skien

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Vedr. Saknr. 16-02430 Dokumentnr. 16-02430-2**

Vedlagt følger brev fra Telemark Fylkeskommune.

Telemark Fylkeskommune har startet med å sende ut posten digitalt. Dette er i tråd med regjeringens digitaliseringsprogram "På nett med innbyggerne". Digital kommunikasjon skal være førstevalg i samhandlingen mellom det offentlige, innbygger og næringsliv.

Til deg som fikk dette brevet på papir: Vet du at du kan motta og lese brev fra Telemark fylkeskommune digitalt i Altinn? Da vil du kunne lese brevet i samme øyeblikk som når saksbehandler sender det. Logg deg inn på [www.altinn.no](http://www.altinn.no) for å registrere ditt mobilnummer og e-postadresse. Dette gjør du under «Min profil» - «Mine innstillinger – meg selv». Du vil nå motta et varsel på sms og e-post når du får ny post fra fylkeskommunen.

Bedrifter og organisasjoner kan lese dokumentet elektronisk i Altinn via en forhåndsdefinert rolle. Varsel sendes til registrert e-postadresse. Ønsker du å lese mer om forhåndsdefinerte roller og tilgangsstyring i Altinn, finner du det her: <https://www.altinn.no/Portalhjelp/Administrere-rettigheter-og-prosessteg/>

Har du ikke åpnet dokumentet i Altinn innen to døgn, blir det skrevet ut og sendt via Posten.





Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

/Avdeling for areal og  
transport

Vår dato	04.03.2016
Deres dato	2016-01-08T00:00:00
Vår referanse	16/02430-2
Deres referanse	201208132-10
Vår saksbehandler	Torbjørn Landmark

## Svar - Søknad om løyve til å byggje Gjuvåa kraftverk - Skagerak Kraft AS – Hjartdal kommune

Vi viser til oversending frå NVE dagsett 08.01.2016 der fylkeskommunen er førespurt om å gje førehandsfråsegn i samband med søknad om løyve til Gjuvåa kraftverk.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover».

Vi har følgjande vurderingar av tiltaket vurdert opp mot sektorlovgivinga og opp mot kjende allmenne interesser som tiltaket kan få følgjer for:

### Omsyn til automatisk freda kulturminne

Vi har ikkje opplysningar i arkiva våre om automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Kunnskapen vår om kulturminne i nærområdet og dessutan ei vurdering av landskap og terreng, tilseier likevel at slike kan vere bevarte. I medhald av kulturminnelova § 9 må vi difor utføre ei arkeologisk registrering før vi kan gje endeleg uttale til planen (jf. kulturminnelova §§ 3 og 8). Registreringa vil gjerast ved såkalla maskinell sjakting, dvs. arkeologisk registrering ved hjelp av gravemaskin på utvalde stader i planområdet. Du kan lese meir om metoden på: <http://www.telemark.no/Vaare-tjenester/Kulturminner/Arkeologi/Arkeologisk-feltarbeid>.

Arkeologiske registreringar kan berre utførast på bar og frostfri mark. Den arkeologiske feltsesongen i eit normalår er frå midten av april til november. Sidan vinteren har kome, kan registreringa først bli gjennomført til våren/sommaren.

Vi viser til kulturminnelova § 9 om undersøkingsplikta av offentlege og større private tiltak og til § 10 om at utgifter til særskilt gransking må dekkast av tiltakshavar. Timesatsen er frå 1.1.2016 kr 700,- Vi ber tiltakshavar om å kontakte oss i forbindelse med det vidare arbeidet.

Dersom upårekna tilhøve medfører forlenkt registrering og dermed auka utgifter for tiltakshavar, vil vi varsle om dette. Vi tek òg atterhald om at timeprisen og prisen for datering av kolprøver kan endrast. Dette er elles eit maksimumbudsjett. Midlar innanfor ramen som ikkje vert brukt, vert ikkje fakturert.

Postadresse:	Besøksadresse:	Sentralbord	Foretaksregisteret: 940 192 226
Postboks 2844	Fylkesbakken 10	35 91 70 00	Bankkonto: 5083 05 42083
3702 Skien	3715 SKIEN		www.telemark.no



Vi gjer merksam på at registrering i dyrka mark kan måtte utførast i vekstsesongen, og at det er tiltakshavar som er ansvarleg for grunneigars eventuelle tap (jf. kulturminnelova § 10).

Registreringar med heimel i kulturminnelova § 9, og er ikkje å anse som einskildvedtak etter forvaltningslova.

Vi føreset at tiltakshavar tek ansvar for følgjande:

Slett punkt som ikkje er relevant

- Det skal gjevast melding om at det vil bli gjennomført arkeologiske registreringar til grunneigarar, forpaktarar og andre som bur innanfor planområdet.
- Sende digital avgrensing av planområdet i .sos eller .shp format til oss før undersøkinga blir sett i gang. Eventuelle justeringar av planavgrensinga skal òg sendast.
- Fri tilgjenge til planområde, t.d. å skaffe nøklar til bommar og informere om ikkje kartfesta veger.
- Dyr på beite må haldast utanfor registreringsområdet.
- I tilfelle skade på drener, kablar, fiberoptiske kablar eller anna må istandsetting kostas av tiltakshavar.
- Skade på avling blir erstatta av tiltakshavar.

Før registreringa kan settes i gang, må aksept på kostnadsoverslag og vilkår sendes til Telemark fylkeskommune, Postboks 2844, 3702 Skien eller på e-post til xxxxxxx@t-fk.no. Vi ber om skriftleg aksept i god tid før undersøkingane er ønskt gjennomført, og at den blir merka med vårt saksnummer og namn og adresse på fakturamottakar. Det må òg presiserast om tiltakshavar sjølv ønsker å bestille og organisere gravemaskintjenester. Det må reknast ventetid for å få gjennomført arkeologisk feltarbeid.

Om det viser seg at det er konflikt mellom eit automatisk freda kulturminne og tiltaket, må det søkjast om dispensasjon frå kulturminnelova. Søknaden blir utarbeidd av fylkeskommunen og sendt til Riksantikvaren for vurdering. For at Riksantikvaren skal ha tid til å handsame søknaden har det regionale kulturminnevernet rett til tre månader uttalefrist, i medhald av kulturminnelova § 9 andre ledd. Fristen kan om naudsynt forlengast ytterlegare. Om Riksantikvaren innvilgar dispensasjon, vil det vanlegvis stillast vilkår om ein arkeologisk utgraving før tiltaket blir realisert. Utgifter til ei slik utgraving må berast av tiltakshavar, jf. kulturminnelova § 10. For meir informasjon viser vi til våre internettsider (<http://www.telemark.no/kulturminne>) og heimesidene til Riksantikvaren (<http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Veiledning/>).

Vi gjer også merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det blir oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjent på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følgje stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikre seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje blir skada. Telemark fylkeskommune er rette adressat for ei eventuell melding. Om det blir påvist automatisk freda kulturminne er det Riksantikvaren som avgjer om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det.

Vi rår at til meldeplikta innarbeidast i fellesføresegnene i reguleringsplanen, og at følgjande tekst vert brukt:

Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan virke inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune kontaktast og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røre kulturminnet. Kulturminnemyndigheitene avgjer snarast mogleg – og seinst innan 3 veker – om arbeidet

Postadresse:	Besøksadresse:	Sentralbord	Foretaksregisteret: 940 192 226
Postboks 2844	Fylkesbakken 10	35 91 70 00	Bankkonto: 5083 05 42083
3702 Skien	3715 SKIEN		<a href="http://www.telemark.no">www.telemark.no</a>



**TELEMARK**  
fylkeskommune

kan fortsetje og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminneloven § 8 andre ledd).

Eventuelle spørsmål kan rettast til rådgjevar Sindre Arnkværn på telefon 35 91 72 52 eller [sindre.a@t-fk.no](mailto:sindre.a@t-fk.no).

Telemark fylkeskommune ikkje gje endeleg uttale før undersøkingane etter kulturminnelova§ 9 er oppfylt, dvs. at dei varsla undersøkingane er gjennomført.

### **Omsyn til vassmiljø**

I «Regional plan for vannforvaltning i Vannregion Vest- Viken 2016-2021», vedteke i Fylkestinget 09.12.2015, er Gjuvåa registrert med «svært god» tilstand. Vassførekomsten er soleis ikkje i risiko for ikkje å nå miljømåla i 2021. Vassførekomsten er gitt miljømålet «svært god» i 2021. Eit av måla med vassforvaltingsarbeidet gjennom vassforskrifta og plan- og bygningslova, er å oppretthalde den gode miljøtilstanden der den er god/særs god. Miljøtilstanden skal ikkje verte dårlegare med nye inngrep, men mindre samfunnsinteressene av inngrepet er større enn ei eventuell miljøskade. Dette må vurderast samla når ein tek stilling til søknaden.

Med helsing

Torbjørn Landmark  
rådgiver  
Avdeling for areal og transport  
[torbjorn.landmark@t-fk.no](mailto:torbjorn.landmark@t-fk.no)  
+47 35 91 73 22

*Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.*

Postadresse:  
Postboks 2844  
3702 Skien

Besøksadresse:  
Fylkesbakken 10  
3715 SKIEN

Sentralbord  
35 91 70 00

Foretaksregisteret: 940 192 226  
Bankkonto: 5083 05 42083  
[www.telemark.no](http://www.telemark.no)



**/Avdeling for areal og  
transport**

Vår dato 04.03.2016  
Vår referanse 16/02430-2

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Norges vassdrags- og energidirektorat		Postboks 5091, Majorstuen	0301 OSLO

Kopimottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Fylkesmannen i Telemark		Postboks 2603	3702 SKIEN
Hjartdal kommune		Kommunehuset	3692 SAULAND
TFK Post			

Postadresse:  
Postboks 2844  
3702 Skien

Besøksadresse:  
Fylkesbakken 10  
3715 SKIEN

Sentralbord  
35 91 70 00

Foretaksregisteret: 940 192 226  
Bankkonto: 5083 05 42083  
[www.telemark.no](http://www.telemark.no)